



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/79405-4

Dykkar referanse: Vår dato:
15/3983 – 17/15118 07.08.2017

Uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel for Lindås kommune 2017–2029

Vi viser til offentlig ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel for Lindås kommune i perioden 2017–2029.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere retningsgivande for andre kommunale planer, og er difor eit viktig styringsdokument for kommunen. Planen skal gje signal om kva mål kommunen vil arbeide mot i planperioden, og korleis dei vil gå fram for å nå desse måla.

Lindås kommune har bygd samfunnsdelen opp kring åtte hovudtema:

- Regionsenterutvikling
- Attraktive nærmiljø
- Industri og næring
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap
-

Hovudtema er vidare delt inn i 19 mål og 96 strategiar. Kommune har valt folkehelseperspektivet og frivilligheit som overordna og førande prinsipp for planen. Knarvik er i

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

tillegg utpeikt som regionalt knutepunkt i Regional plan for attraktive sentre (2014), og skal fungere som kommunesenter når kommunesamanslåing med Meland og Radøy vert ein realitet.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Statens vegvesen er opptatt av at kommunen sine planar skal byggje opp under målsetjinga om redusert bilbruk i storbyområdet. I denne samanheng er samordna areal- og transportutvikling avgjerande for å lukkast, og vi ser at Lindås kommune har ein medveten haldning til dette.

I samfunnsdelen gir Lindås kommune ei god oversikt over kommunen sine utfordringar. Kommunen ønskjer å utvikle Knarvik som regionsenter og Lindås og Ostereidet som lokalsentre, og legg vekt på konsentrert utvikling i desse områda. Dette er i tråd med overordna føringar.

Statens vegvesen meiner at kommunen i større grad bør setje seg mål for utvikling og styre utviklinga i rett retning. Kommunen bør ta stilling til korleis ein skal styre veksten i folketal til dei rette områda. Statens vegvesen meiner at ein må sjå dette i samanheng med prinsippa for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Kommunen må sikre at det er samsvar mellom behov for bustader og planreserve for områder til bustadføre mål.

I forslag til samfunnsdel vil kommunen både prioritere utvikling i senterområda, men òg legge til rette for fortsatt spreidd busetnad. Statens vegvesen meiner at omfanget av spreidd busetnad bør avgrensast, mellom anna med bakgrunn i at den i stor grad er bilbasert. I den samanheng er vi positiv til at kommunen vil gjere ei ny vurdering av LNF spreidd. Avgrensing av spreidd busetnad bør òg følgjast opp i kommunens underordna planar.

Kommunen er opptatt av å sikre nødvendig areal til infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar og miljøvenlege transportformer. Statens vegvesen vil oppmode kommunen til òg å vurdere målretta tiltak for reduksjon i bilbruken, utover tilrettelegging for gåande og syklende. Restriktive verkemidlar er i nokon grad naudsynt for å oppnå målsetjing om auka del gåande og syklende. Dette kan til dømes vere tiltak for mindre bilkøring til skuler («hjartesone») eller avgrensa parkering i bustadområda nær lokalsentra. Haldningsskapande arbeid vil òg vere eit viktig supplement til dei fysiske tiltaka.

Trafikktryggleik

I kapittel «Klima og miljø» skriv Lindås kommune at trafikkmengda aukar og at trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta vare på. Statens vegvesen saknar ei vurdering av korleis kommunen vil handtere trafikktryggleiken i sitt vidare arbeid.

Overordna vegnett

Statens vegvesen arbeider med vurdering av framtidig trasé for E39 gjennom Lindås kommune, men det er usikkert når denne eventuelt vil stå ferdig. Dette er avhengig av både planprosessen og løyvingar. Dagens europaveg vil difor vere hovudtransportåra nordaustover gjennom kommunen i ei rekke år, og dette må samfunnsplanen ta høgde for.

Lindås kommune legg i hovudsak opp til at nye arealintensive næringsområder bør lokalisert nær hovudtransportårene i kommunen. Generelt sett er Statens vegvesen samd med den vurderinga, men vi meiner samstundes at ein må avgrense tal på nye områder, for å unngå nedbygging av hovudvegnettet.

Generelt

Lindås kommune har lagt eit godt grunnlag for sitt vidare arbeid med samfunnsdelen, og det er mange gode intensjonar. Statens vegvesen vil likevel oppmode kommunen til å vere tydelegare på kva retning dei ønskjer å styre kommunen innan planperioden, og korleis dei vil sikre riktig utvikling. Etter vårt syn kan ein med fordel redusere tal på strategiar, og legge større vekt på å målbarheit i planen.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN